

**KLIMA // Vi må ikkje gløyme at det er scenarier** Det internasjonale energibyrådet forsyner oss med. Dei bør møtast med ei god klype salt.

# Orakelet i Paris

## KRONIKK



**KLAUS MOHN**  
Professor, Handelshøgskolen ved  
Universitetet i Stavanger og NHH

**F**OR EIT SAMLA pressekorps i London presenterte Det internasjonale energibyrådet (IEA) tysdag denne veka ei ny 700-siders utgåve av World Energy Outlook (WEO), den årlege rapporten om energiframtida. Det er referanse-rapporten alle i dei veletablerte delane av olje- og energinæringa flokkar seg rundt. Med rapporten legg IEA viktige premisser for strategikutviklinga i olje- og energiselskapa, for petroleumspolitikken i Noreg og for energi- og klimapolitikken i mange land verda over.

Samstundes er dette ein rapport som har fått aukande kritikk frå fleire hald gjennom dei siste åra, blant anna for ikkje å ha fanga opp dynamikken i utviklinga av ny fornybar energi. Spesielt har IEA undervurdert den kraftige veksten av vind- og solenergi.

**DEI LANGE OG OVERORDNA** linjene i rapporten for 2015 viser ikkje store endringar sidan 2014-utgåva, og slik vil det ofte være for utsikter med 25 års horisont. Likevel har det siste året bydd på endringar og sjokk som Det internasjonale energibyrådet i Paris må ta innover seg i utsiktene på kort til mellomlang sikt. Det viktigaste dømet er kanskje det store fallet i oljeprisen, som i år blir møtt med ein eigen spesialanalyse for å illustrere ei utvikling med varig låge oljeprisar.

Som tidlegare heiter dei tre viktigaste scenaria frå IEA noværande politikk (Current Policies), ny politikk (New Policies) og 450.

Ny politikk er det sentrale scenariet, og forskjellen elles er driven av ulikt ambisjonsnivå i energi- og klimapolitikken. Litt forenkla er det første scenariet om noværande politikk ein illustrasjon av kva som skjer om energi- og klimapolitikken forblir uendra. Den andre ytterkanten er 450-scenariet, som for praktiske formål er å rekne som ein stadig meir urealistisk kravspesifikasjon for ei utvikling som let seg sameine med målet om å avgrense den globale oppvarminga til to grader.

**MEST MERKSEMD** får naturleg nok ny politikk-scenariet, som tydar på at verdsøkonomien vil legge på seg om lag 50 prosent fram mot 2040, medan energietterspurnaden vil auke med rundt ein tredel i same periode. Ei innstramming i energi- og klimapolitikken vil sørge for ei moderat vridning i energisamansettinga, bort fra kol og over mot naturgass og fornybare energikjelder. Veksten i oljetterspurnaden blir svært moderat i dette scenarioet (0,5 prosent i året), medan det er framvoksende økonomiar som vil drive etterspurnaden etter naturgass i været, om ein skal tru på IEA.

Oljeprisen er føresatt å auke til 80 amerikanske dollar fatet i 2020, med fortsatt moderat vekst i åra etterpå til eit nivå på 128 dollar fatet i 2040 (målt i faste 2014-prisar). Om ein målar i løpande pri-



**IVRIGE BRUKARAR:** Norske energiinteresser har lenge vore ivrige brukarar av IEA sine langsiktige utsikter. Igjen vil nok dei langsiktige hovudlinjene nyttast for å rettferdiggjere vekst og vidareutvikling av norsk olje- og gassverksemd, skriv Klaus Mohn. ARKIVFOTO: SCANPIX

sar, vil dette gi eit prisnivå i 2040 på 210 dollar pr. fat.

**NORSKE ENERGIINTERESSER** har lenge vore ivrige brukarar av IEA sine langsiktige utsikter. Igjen vil nok dei langsiktige hovudlinjene nyttast for å rettferdiggjere vekst og vidareutvikling av norsk olje- og gassverksemd.

Men på enkelte område er innhaldet i årets World Energy Outlooken smule brysam for oljefolket. Mellom anna konkluderer IEA denne gongen med at gassmarknaden i Europa har nådd toppen, og at ein ikkje kan forvente vekst i samla etterspurnad etter gass frå Europa dei neste 25 åra. Med låge gassprisar, ein europeisk marknad i stagnasjon og aukande konkurranse frå LNG-forsyning frå USA og Midtausten blir det meir krevjande å utvikle lønsame gassfelt i nordområda.

**WORLD ENERGY OUTLOOK** bygg utsiktene på eit omfattande og svært detaljert modellapparat som hentar innsikt både frå økonomi og ingeniørfag. Ei vanleg innvending mot IEA sin modell er at økonomisk åtferd får for litan plass, og at samanhengane som inngår er for lite

fleksible i møtet med endringar og omslag i teknologi, preferansar, politikk og prisar.

**Det siste året har bydd på endringar og sjokk som IEA må ta innover seg.**

Vidare vil kritikarar gjerne hevde at energiutsiktene frå IEA i for stor grad er eit resultat av stive historiske samanhengar og trendar, kombinert med eit rikt sett av pålagte føresetnadar for utviklinga i teknologi, prisar og politikk. Her skal ein merke seg at olje- og gassprisane heller ikkje er eit resultat av IEA sine modellberekningar, men ein føresetnad som blir pålagt utanfor modellen.

**DENNE KRITIKKEN** er ikkje teken ut or lufta. Eit spesifikt døme er at den økonomiske veksten i alle land er den same på tvers av dei tre hovudscenaria, trass i at dei spenner ut eit variasjonsrom for svært mange andre utviklingstrekk, inkludert olje- og gassprisane. Frå eit fagøkonomisk syns-

punkt er dette svært problematisk og reiser tvil rundt truverdet i heile analyseverket.

Ellers er IEA sin modell og analyse svakt rusta til å fange opp brå kast i teknologiutviklinga, etter som teknologisk utvikling er tilnærma som ein jamn og gradvis forbettringsprosess. Det er ei svakheit IEA ikkje er aleine om. Uansett er det nok her ein kan finne noko av forklaringa på kvifor IEA lenge undervurderte framveksten av skiferverksemda i USA, og ikkje minst utviklinga i sol- og vindenergi.

**DESTO VIKTIGARE** er det å minne om at det ikkje er prognoser IEA forsyner oss med, men scenario – eller illustrasjonar av mulege utviklingsbanar basert på eit bestemt sett av føresetnadar. Som med andre framskrivningar av økonomi og energi må difor IEA sine utsikter møtast med kritiske blikk og varsam bruk.

Det burde norske brukarar merke seg betre når dei no tek passande brokkar og brotstykke frå IEA sine analyser til inntekt for sitt eige bestemte syn på utviklinga i åra som kjem.